

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU) nr. 538/2014****2019/EØS/13/64****av 16. april 2014****om endring av forordning (EU) nr. 691/2011 om europeiske miljøøkonomiske rekneskapar<sup>(\*)</sup>**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 338 nr. 1,

med tilvising til framleggset fra Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksaft til dei nasjonale parlamenta,

etter den ordinære regelverksprosessen<sup>(1)</sup> og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I europaparlaments- og rådsbeslutning 1386/2013/EU<sup>(2)</sup> vert det slått fast at det noverande utviklingstempoet og uvissa omkring moglege framtidige tendensar krev ytterlegare innsats for å sikre at politikken i Unionen framleis skal byggje på god kunnskap om tilstanden til miljøet, moglege tiltak og kva konsekvensar dei vil ha. Det bør utarbeidast ordningar med sikte på å sikre utarbeidingsa av kvalitetssikra data og indikatorar og å betre tilgangen til dei. Det er viktig at slike data ligg føre i ei forståeleg og tilgjengeleg form.
- 2) I samsvar med artikkel 10 i europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 691/2011<sup>(3)</sup> vert Kommisjonen oppmoda om å sende over ein rapport til Europaparlamentet og Rådet om gjennomføringa av forordninga og eventuelt gjere framlegg om innføring av nye modular for miljøøkonomiske rekneskapar, t.d. miljøvernutfifter og -inntekter (EPER)/rekneskapar for miljøvernutfifter (EPEA), sektor for miljøvennlege varer og tenester (EGSS) og energirekneskapar.
- 3) Dei nye modulane medverkar direkte til dei politiske prioriteringane i Unionen med omsyn til grøn vekst og ressurs-effektivitet ved at dei inneheld viktige opplysningar om indikatorar, til dømes marknadsretta produksjon og sysselsetjing i EGSS, nasjonale miljøvernutfifter og energibruken i ei NACE-inndeling.
- 4) I februar 2012 vedtok Statistikkontoret til dei sameinte nasjonane på det 43. møtet sitt dei sentrale rammene for systemet for integrerte miljøøkonomiske rekneskapar (SEEA) som ein internasjonal statistisk standard. Dei nye modulane som vert innførte ved denne forordninga, samsvarer fullt ut med SEEA.
- 5) Utvalet for det europeiske statistikk-systemet er vorte rådspurt.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 158 av 27.5.2014, s. 113, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 242/2014 av 24. oktober 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 52 av 3.9.2015, s. 48.

(1) Haldning frå Europaparlamentet av 2. april 2014 (enno ikkje offentleggjord i TEU), og rådsavgjerd av 14. april 2014.

(2) Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1386/2013/EU av 20. november 2013 om et allment miljøhandlingsprogram i Unionen fram til 2020 «Et godt liv i en ressursbegrenset verden» (TEU L 354 av 28.12.2013, s. 171).

(3) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 691/2011 av 6. juli 2011 om europeiske miljøøkonomiske rekneskapar (TEU L 192 av 22.7.2011, s. 1).

- 6) Med siktet på å tilpasse modulane etter den tekniske og vitskaplege utviklinga, og for å utfylle føresegnehene om energirekneskapar, bør fullmakta til å vedta rettsakter i samsvar med artikkel 290 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen delegerast til Kommisjonen med omsyn til utarbeidninga av energiproductlista som er nemnd i del 3 i vedlegg VI, som er ført opp i vedlegget til denne forordninga. Det er særleg viktig at Kommisjonen held føremålstenlege samråd under det førebuande arbeidet sitt, medrekna samråd med sakkunnige. Under førebuinga og utarbeidninga av delegerte rettsakter bør Kommisjonen syte for at dei relevante dokumenta vert sende over til Europaparlamentet og Rådet på same tid, tilrett tid og på ein eigna måte.
- 7) For å sikre einsarta bruk av vedlegg V, som er ført opp i vedlegget til denne forordninga, bør Kommisjonen gjevast gjennomføringsfullmakt. Denne fullmakta bør utøvast i samsvar med europaparlamets- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011<sup>(1)</sup>. Framgangsmåten med granskingsutval bør nyttast når slike gjennomføringsrettsakter skal vedtakast.
- 8) Forordning (EU) nr. 691/2011 bør difor endrast.

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**

*Artikkel 1*

I forordning (EU) nr. 691/2011 vert det gjort følgjande endringar:

- 1) I artikkel 2 vert følgjande nummer lagde til:
  - «4) «miljøvernugifter» dei økonomiske ressursane som innanlandske einingar nyttar til miljøvern. Miljøvern omfattar all verksemnd og alle tiltak som har som hovudføremål å førebyggje, minske og eliminere ureining og all anna øydelegging av miljøet. Verksemnda og tiltaka omfattar alle åtgjerder som vert tekne for å bygge opp att miljøet etter miljøøydeleggingar. Verksemnd som er gunstig for miljøet, men som først og fremst tilfredsstiller tekniske behov eller interne krav til hygiene eller vern og tryggleik i eit føretak eller i ein annan institusjon, vert ikkje omfatta av denne definisjonen,
  - 5) «sektor for miljøvennlege varer og tenester» den produksjonsverksemda i ein nasjonaløkonomi som genererer miljøvennlege produkt (miljøvennlege varer og tenester). Miljøvennlege produkt er produkt som er framstilte med siktet på miljøvern, som nemnt i nr. 4, og ressursforvalting. Ressursforvalting omfattar trygging, vedlikehald og betring av førekostane av naturressursar og difor vern mot utarming av desse ressursane,
  - 6) «rekneskapar for fysiske energistraumar» einsarta samanstillingar av fysiske energistraumar som vert tilførte dei nasjonale økonomiane, dei straumane som sirkulerer innanfor økonomien, og dei som vert ført ut til andre økonomiar eller til miljøet.»
- 2) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:
  - a) I nr. 1 vert følgjande bokstavar lagde til:
    - «d) ein modul for rekneskapar for miljøvernugifter, slik det er fastsett i vedlegg IV,
    - e) ein modul for rekneskapar for sektoren for miljøvennlege varer og tenester, slik det er fastsett i vedlegg V,
    - f) ein modul for rekneskapar for fysiske energistraumar, slik det er fastsett i vedlegg VI.»

<sup>(1)</sup> Europaparlamets- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011 av 16. februar 2011 om fastsettelse av allmenne regler og prinsipper for medlemsstatenes kontroll med Kommisjonens utøvelse av sin gjennomføringsmyndighet (TEU L 55 av 28.2.2011, s. 13).

- b) Følgjande nummer vert lagde til:

«4. Kommisjonen skal i samsvar med artikkel 9 få fullmakt til å vedta delegerte rettsakter med sikte på å spesifisere dei energiproducta som er nemnde i del 3 i vedlegg VI, på grunnlag av dei listene som er ført opp i vedlegga til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1099/2008(\*)».

Slike delegerte rettsakter skal ikkje påføre medlemsstatane eller dei deltagande einingane vesentlege ytterlegare byrder. Kommisjonen skal gje ei tilbørleg grunngjeving for tiltaka når han utarbeider og deretter ajourfører dei listene som er nemnde i første ledet, og om naudsynt innhente hjelpe fra sakkunnige med omsyn til ein analyse av kostnads-effektiviteten, medrekna ei vurdering av byrda på dei deltagande einingane og av produksjonskostnadene.

5. For å sikre ein einsarta bruk av vedlegg V skal Kommisjonen innan 31. desember 2015 gjennom gjennomføringsrettsakter legge fram ei rettleiande oversikt over miljøvennlege varer og tenester og over den økonomiske verksemda som kjem inn under vedlegg V, på grunnlag av følgjande kategoriar: miljøspesifikke tenester, produkt til miljøføremål (tilknytte produkt), tilpassa varer og miljøteknologiar. Kommisjonen skal ajourføre oversikta ved behov.

Gjennomføringsrettsaktene som er nemnde i første ledet, skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten med granskingsutval som er nemnd i artikkel 11 nr. 2.»

---

(\*) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1099/2008 av 22. oktober 2008 om energistatistikk (TEU L 304 av 14.11.2008, s. 1).»

- 3) Artikkel 8 nr. 2 skal lyde:

«2. For å få unntak i medhald av nr. 1 for vedlegg I, II og III skal den aktuelle medlemsstaten innan 12. november 2011 legge fram for Kommisjonen ei tilbørleg grunngjeven oppmoding. For å få unntak i medhald av nr. 1 for vedlegg IV, V og VI skal den aktuelle medlemsstaten innan 17. september 2014 legge fram for Kommisjonen ei tilbørleg grunngjeven oppmoding.»

- 4) I artikkel 9 vert det gjort følgjande endringar:

- a) Nr. 2 skal lyde:

«2. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter som er nemnd i artikkel 3 nr. 3 og 4, skal gjevast Kommisjonen for ein periode på fem år frå 11. august 2011. Kommisjonen skal utarbeide ein rapport om den delegerte fullmakta seinast ni månader før femårsperioden går ut. Den delegerte fullmakta skal lengjast stillteiande for periodar med same lengd med mindre Europaparlamentet og Rådet set seg imot ei slik lenging seinast tre månader innan utgangen av kvar periode.»

- b) Nr. 3 skal lyde:

«3. Den delegerte fullmakta som er nemnd i artikkel 3 nr. 3 og 4, kan når som helst kallast tilbake av Europaparlamentet eller Rådet. Ei avgjerd om tilbakekalling inneber at den delegerte fullmakta som er ført opp i avgjerda, sluttar å gjelde. Ei slik avgjerd tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*, eller på ein seinare dato som er ført opp i avgjerda. Ho rører ikkje ved rettskrafta til eventuelle delegerte rettsakter som alt har teke til å gjelde.»

- c) Nr. 5 skal lyde:

«5. Ei delegert rettsakt som er vedteken i medhald av artikkel 3 nr. 3 og 4, skal ta til å gjelde berre dersom Europaparlamentet eller Rådet ikkje gjer innvendingar innan to månader etter at rettsakta er meld til Europaparlamentet og Rådet, eller dersom både Europaparlamentet og Rådet, før den nemnde fristen går ut, har meldt frå til Kommisjonen om at dei ikkje vil gjere innvendingar. Dette tidsrommet skal lengjast med to månader etter initiativ frå Europaparlamentet eller Rådet.»

- 5) Vedlegg IV, V og VI, som er ført opp i vedlegget til denne forordninga, vert lagde til i forordning (EU) nr. 691/2011.

*Artikkelen 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg, 16. april 2014.

*For Europaparlamentet*

M. SCHULZ

*President*

*For Rådet*

D. KOURKOULAS

*Formann*

**VEDLEGG****«VEDLEGG IV****MODUL FOR REKNESKAPAR FOR MILJØVERNUTGIFTER****Del 1****MÅL**

I rekneskapar for miljøvernutgifter vert det lagt fram data, på ein måte som er i samsvar med data som vert rapporterte i medhald av ENS, om utgiftene til miljøvern, dvs. dei økonomiske ressursane som innanlandske einingar nyttar på miljøvern. Slike rekneskapar gjer det mogleg å utarbeide dei nasjonale utgiftene til miljøvern, som er definerte som summen av dei innanlandske einingane sin bruk av miljøverntjenester, bruttoinvestering i fast realkapital for miljøvernverksemd og miljøvernoverføringerar som ikkje svarar til tidlegare postar, minus finansiering frå utlandet.

I rekneskapane for miljøvernutgifter bør dei eksisterande opplysningsane frå nasjonalrekneskapane nyttast (produksjonskonto og konto for inntektsopptening, bruttoinvestering i fast realkapital i samsvar med NACE, tabellar for tilgang og bruk, data på grunnlag av klassifikasjonen av offentlege utgifter etter føremål), og likeins statistikkar over føretaksstrukturar, føretaksregister og andre kjelder.

I dette vedlegget er det fastlagt kva data som medlemsstatane skal samle inn, utarbeide, sende inn og vurdere når det gjeld rekneskapar for miljøvernutgifter.

**Del 2****DEKKINGSOMRÅDE**

Rekneskapar for miljøvernutgifter har dei same systemgrensene som ENS og viser miljøvernutgifter for hovudverksemd, sekundær verksemd og hjelpeverksemd. Følgjande sektorar skal omfattast:

- offentleg forvalting (medrekna ideelle organisasjonar) og føretak som institusjonelle sektorar som produserer miljøverntjenester. Spesialiserte produsentar produserer miljøverntjenester som hovudverksemd,
- hushald, offentleg forvalting og føretak som forbrukarar av miljøverntjenester,
- utlandet som mottakar av, eller opphav til, miljøvernoverføringerar.

**Del 3****LISTE OVER KJENNETEIKN**

Medlemsstatane skal utarbeide rekneskapar for miljøvernutgifter etter følgjande kjenneteikn, som er definerte i samsvar med ENS:

- produksjon av miljøverntjenester. Det vert skilt mellom marknadsretta produksjon, ikkje-marknadsretta produksjon og produksjon innanfor hjelpeverksemd,
- produktinnsats av miljøverntjenester frå spesialiserte produsentar,
- import og eksport av miljøverntjenester,
- meirverdiavgift (mva.) og andre avgifter minus produktsubsidiar på miljøverntjenester,
- bruttoinvestering i fast realkapital og innkjøp minus avhending av ikkje-finansiell ikkje-produisert kapital til produksjon av miljøverntjenester,
- konsum av miljøverntjenester,
- miljøvernoverføringerar (mottekne/betalte).

Alle data skal rapporterast i millionar nasjonal valuta.

**Del 4****FØRSTE REFERANSEÅRET, FREKVENS OG FRISTAR FOR OVERSENDING**

1. Statistikkane skal utarbeidast og sendast inn kvart år.
2. Statistikkane skal sendast inn innan 24 månader etter utgangen av referanseåret.
3. For å oppfylle brukarane sine behov for fullstendige og aktuelle datasett skal Kommisjonen (Eurostat), straks det finst tilstrekkelege data tilgjengeleg for kvar stat, utarbeide overslag for dei 28 EU-statane over hovudstorleikane til denne modulen. Der det er mogleg skal Kommisjonen (Eurostat) utarbeide og offentleggjere overslag for data som medlemsstatane ikkje har sendt inn innan den fristen som er ført opp i nr. 2.
4. Det første referanseåret er 2015.
5. Ved den første oversendinga av data skal medlemsstatane ta med årlege data frå 2014 og fram til det første referanseåret.
6. Ved kvar etterfølgjande oversending av data til Kommisjonen skal medlemsstatane sende inn årlege data for åra n-2, n-1 og n, der n er referanseåret. Medlemsstatane kan legge fram alle tilgjengelege data for åra før 2014.

**Del 5****RAPPORTERINGSTABELLAR**

1. For dei kjenneteikna som er nemnde i del 3, skal det rapporterast data etter følgjande inndeling:

- type produsentar/forbrukarar av miljøverntenester som definert i del 2,
- grupper i klassifiseringa av miljøvernverksem (CEPA) gruppert på følgjande måte:

For offentleg forvaltingsverksem og for miljøvernoverføringer:

- CEPA 2
- CEPA 3
- Summen av CEPA 1, CEPA 4, CEPA 5 og CEPA 7
- CEPA 6
- Summen av CEPA 8 og CEPA 9

For føretaka si hjelpeverksem:

- CEPA 1
- CEPA 2
- CEPA 3
- Summen av CEPA 4, CEPA 5, CEPA 6, CEPA 7, CEPA 8 og CEPA 9

For føretak som sekundære og spesialiserte produsentar:

- CEPA 2
- CEPA 3
- CEPA 4

For hushald som forbrukarar:

- CEPA 2
- CEPA 3

- Følgjande NACE-kodar for produksjon av miljøverntenester innanfor hjelpeverksemd: NACE Rev. 2 B, C, D, næring 36. Data for næringshovudområde C skal leggjast fram etter næringar. Næring 10–12, 13–15 og 31–32 skal grupperast saman. Dei medlemsstatane som i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 295/2008<sup>(1)</sup> (med omsyn til definisjonen av kjenneteikn, det tekniske formatet til dataoversendinga, krava til dobbelrapportering etter NACE Rev. 1.1 og NACE Rev. 2, og unntak for statistikk over føretaksstrukturar) ikkje har plikt til å samle inn data for miljøvernutfifter for éin eller fleire av desse NACE-kodane, treng ikkje leggje fram data for desse NACE-kodane.
2. Dei CEPA-gruppene som er nemnde i nr. 1, er som følgjer:
- CEPA 1 — Vern av omgjevnadsluft og klima  
CEPA 2 — Handtering av spillvatn  
CEPA 3 — Avfallshandtering  
CEPA 4 — Vern og reinsing av jord, grunnvatn og overflatevatn  
CEPA 5 — Demping av støy og vibrasjonar  
CEPA 6 — Vern av biologisk mangfald og landskap  
CEPA 7 — Vern mot stråling  
CEPA 8 — Forsking og utvikling på miljøområdet  
CEPA 9 — Anna miljøvernverksemrd.

## Del 6

### LENGDA PÅ OVERGANGSPERIODANE

For gjennomføringa av føresegnene i dette vedlegget kan overgangsperioden vare i opp til to år, rekna frå fristen for den første oversendinga.

### VEDLEGG V

### MODUL FOR REKNESKAPAR FOR SEKTOREN FOR MILJØVENNLEGE VARER OG TENESTER

#### Del 1

##### MÅL

I statistikkane over miljøvennlege varer og tenester vert det registrert og lagt fram data om den produksjonsverksemda i nasjonaløkonomien som skapar miljøvennlege produkt på ein måte som er i samsvar med data som vert rapporterte i medhald av ENS.

I rekneskapane for sektoren for miljøvennlege varer og tenester bør dei eksisterande opplysningane frå nasjonalrekneskapane nyttast, og likeins statistikkar over føretaksstrukturar, føretaksregister og andre kjelder.

I dette vedlegget er det fastlagt kva data som medlemsstatane skal samle inn, utarbeide, sende inn og vurdere når det gjeld rekneskapar for miljøvennlege varer og tenester.

#### Del 2

##### DEKKINGSOMRÅDE

Sektoren for miljøvennlege varer og tenester har dei same systemgrensene som ENS og omfattar alle miljøvennlege varer og tenester som vert skapte innanfor produksjonsgrensa. I ENS vert produksjon definert som den verksemda som vert utført under kontroll og ansvar av ei institusjonell eining som nyttar innsats i form av arbeidskraft, kapital og varer og tenester til å produsere varer og tenester.

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 295/2008 av 11. mars 2008 om statistikk over foretaksstrukturer (TEU L 97 av 9.4.2008, s. 13).

Miljøvennlege varer og tenester vert delte inn i følgjande kategoriar: miljøspesifikke tenester, produkt til miljøføremål (tilknytte produkt), tilpassa varer og miljøteknologiar.

### **Del 3**

#### **LISTER OVER KJENNETEIKN**

Medlemsstatane skal utarbeide statistikkar over sektoren for miljøvennlege varer og tenester i samsvar med følgjande kjenneteikn:

- marknadsretta produksjon, som:
  - eksport,
  - meirverdi av marknadsverksemd,
  - sysselsetjing innanfor marknadsverksemd.

Alle data skal rapporterast i millionar nasjonal valuta, bortsett frå «sysselsetjing», som skal rapporterast i «heiltidsekvi-valtar».

### **Del 4**

#### **FØRSTE REFERANSEÅRET, FREKVENS OG FRISTAR FOR OVERSENDING**

1. Statistikkane skal utarbeidast og sendast inn kvart år.
2. Statistikkane skal sendast inn innan 24 månader etter utgangen av referanseåret.
3. For å oppfylle brukarane sine behov for fullstendige og aktuelle datasett skal Kommisjonen (Eurostat), straks det finst tilstrekkelege data tilgjengeleg for kvar stat, utarbeide overslag for dei 28 EU-statane over hovudstorleikane til denne modulen. Der det er mogleg skal Kommisjonen (Eurostat) utarbeide og offentleggjere overslag for data som medlemsstatane ikkje har sendt inn innan den fristen som er ført opp i nr. 2.
4. Det første referanseåret er 2015.
5. Ved den første oversendinga av data skal medlemsstatane ta med årlege data frå 2014 og fram til det første referanseåret.
6. Ved kvar etterfølgjande oversending av data til Kommisjonen skal medlemsstatane sende inn årlege data for åra n-2, n-1 og n, der n er referanseåret. Medlemsstatane kan legge fram alle tilgjengelege data for åra før 2014.

### **Del 5**

#### **RAPPORTERINGSTABELLAR**

1. For dei kjenneteikna som er nemnde i del 3, skal det rapporterast data etter følgjande kryssklassifisering:
  - klassifisering av økonomisk verksemd, NACE Rev. 2 (aggregeringsnivå A\*21 i samsvar med ENS),
  - CEPA-grupper og klassifisering av ressursforvaltingsverksemd (CReMA) gruppert på følgjande måte:
    - CEPA 1
    - CEPA 2
    - CEPA 3
    - CEPA 4
    - CEPA 5
    - CEPA 6

- Summen av CEPA 7, CEPA 8 og CEPA 9
  - CReMA 10
  - CReMA 11
  - CReMA 13
    - CReMA 13A
    - CReMA 13B
    - CReMA 13C
  - CReMA 14
  - Summen av CReMA 12, CReMA 15 og CReMA 16
2. Dei CEPA-gruppene som er nemnde i nr. 1, er første opp i vedlegg IV. Dei CReMA-gruppene som er nemnde i nr. 1, er som følgjer:

CReMA 10 — Vassforvalting

CReMA 11 — Forvalting av skogressursar

CReMA 12 — Forvalting av ville planter og dyr

CReMA 13 — Forvalting av energiressursar:

- CReMA 13A — Produksjon av energi frå fornybare ressursar
- CReMA 13B — Varme-/energiøkonomisering og varme-/energiforvalting
- CReMA 13C — Avgrensing i bruken av fossil energi som råstoff

CReMA 14 — Mineralforvalting

CReMA 15 — Forsknings- og utviklingsverksemd innanfor ressursforvalting

CReMA 16 — Anna ressursforvaltingsverksemd

## **Del 6**

### **LENGDA PÅ OVERGANGSPERIODANE**

For gjennomføringa av føresegnene i dette vedlegget kan overgangsperioden vare i opp til to år, rekna frå fristen for den første oversendinga.

### ***VEDLEGG VI***

### **MODUL FOR REKNESKAPAR FOR FYSISKE ENERGISTRAUMAR**

## **Del 1**

### **MÅL**

I rekneskapar for fysiske energistraumar vert det lagt fram data om dei fysiske energistraumane, uttrykt i terajoule, på ein måte som fullt ut er i samsvar med ENS. I rekneskapar for fysiske energistraumar vert det registrert energidata i samband med den økonomiske verksemda til innanlandske einingar i ein nasjonaløkonomi, med ei inndeling etter økonomisk verksemd. Dei viser tilgang og bruk av primærenergitilførsel, energiprodukt og restenergi. Økonomisk verksemd omfattar produksjon, konsum og akkumulering.

I dette vedlegget er det fastlagt kva data som medlemsstatane skal samle inn, utarbeide, sende inn og vurdere når det gjeld rekneskapar for fysiske energistraumar.

**Del 2****DEKKINGSOMRÅDE**

Rekneskapar for fysiske energistraumar har dei same systemgrensene som ENS og byggjer òg på heimstadsprinsippet.

I samsvar med ENS er ei eining rekna for å vere ei innanlandske eining i ein stat når det økonomiske interessesenteret til eininga ligg innanfor det økonomiske territoriet til denne staten, dvs. når ho driv økonomisk verksemd på dette territoriet i ein lengre periode (eitt år eller lengre).

I rekneskapane for fysiske energistraumar vert fysiske energistraumar som kjem frå verksemda til alle innanlandske einingar, registrerte, utan omsyn til kvar desse straumane faktisk finn stad reint geografisk.

I rekneskapane for fysiske energistraumar vert dei fysiske energistraumane frå miljøet til økonomien, innanfor økonomien og frå økonomien og tilbake til miljøet, registrerte.

**Del 3****LISTE OVER KJENNETEIKN**

Medlemsstatane skal utarbeide rekneskapar for fysiske energistraumar i samsvar med dei følgjande kjenneteikna:

- dei fysiske energistraumane skal grupperast i tre allmenne kategoriar:
  - i) primærenergitilførsel,
  - ii) energiprodukt,
  - iii) restenergi,
- opphavet til dei fysiske energistraumane, gruppert i fem kategoriar: produksjon, konsum, akkumulering, utlandet og miljøet,
- dei fysiske straumane sitt endemål, gruppert i dei same fem kategoriane som opphavet til dei fysiske energistraumane.

Alle data skal rapporterast i terajoule.

**Del 4****FØRSTE REFERANSEÅRET, FREKVENS OG FRISTAR FOR OVERSENDING**

1. Statistikkane skal utarbeidast og sendast inn kvart år.
2. Statistikkane skal sendast inn innan 21 månader etter utgangen av referanseåret.
3. For å oppfylle brukarane sine behov for fullstendige og aktuelle datasett skal Kommisjonen (Eurostat), straks det finst tilstrekkelege data tilgjengeleg for kvar stat, utarbeide overslag for dei 28 EU-statane over hovudstorleikane til denne modulen. Der det er mogleg skal Kommisjonen (Eurostat) utarbeide og offentleggjere overslag for data som medlemsstatane ikkje har sendt inn innan den fristen som er ført opp i nr. 2.
4. Det første referanseåret er 2015.
5. Ved den første oversendinga av data skal medlemsstatane ta med årlege data frå 2014 og fram til det første referanseåret.
6. Ved kvar etterfølgjande oversending av data til Kommisjonen skal medlemsstatane sende inn årlege data for åra n-2, n-1 og n, der n er referanseåret. Medlemsstatane kan leggje fram alle tilgjengelege data for åra før 2014.

**Del 5****RAPPORTERINGSTABELLAR**

1. For dei kjenneteikna som er nemnde i del 3, skal følgjande data rapporterast i fysiske einingar:
  - Tilgangstabell for energistraumar. I denne tabellen vert tilgangen til primærenergitilførsel, energiproduct og restenergi (i rader) registrert etter opphav, dvs. «leverandør» (i kolonnar).
  - Brukstabell for energistraumar. I denne tabellen vert bruken av primærenergitilførsel, energiproduct og restenergi (i rader) registrert etter endemål, dvs. «brukar» (i kolonnar).
  - Tabell over utsleppsrelevant bruk av energistraumar. I denne tabellen vert den utsleppsrelevante bruken av primærenergitilførsel og energiproduct (i rader) registrert etter bruks- og utsleppeining (i kolonnar).
  - Jamføringstabell som viser dei ulike elementa som utgjer skilnaden mellom energirekneskapane og energibalansane.
2. Tabellane for tilgang og bruk av energistraumar (medrekna utsleppsrelevante straumar) har den same oppstillinga med omsyn til rader og kolonnar.
3. Kolonnane viser opphavet til (tilgangen) eller endemålet for (bruken) dei fysiske straumane. Kolonnane vert grupperte i fem kategoriar:
  - «Produksjon» gjeld produksjonen av varer og tenester. Produksjonsverksemd er klassifisert i samsvar med NACE Rev. 2, og data vert rapporterte på aggregeringsnivå A\*64.
  - «Konsum» vert lagt fram både samla og inndelt i tre undergrupper (transport, oppvarming/kjøling, andre) med omsyn til konsumet i private hushald.
  - «Akkumulering» viser til lagerendringar for energiproduct i økonomien.
  - «Utlandet» viser straumen av importerte og eksporterte produkt.
  - «Miljøet» viser opphavet til tilførselenergistraumane og endemålet for restenergistraumane.
4. Radene viser typane fysiske straumar som er klassifiserte i første strekpunktet i del 3.
5. Primærenergitilførsel, energiproduct og restenergi vert klassifiserte på følgjande måte:
  - primærenergitilførsel vert inndelt i ikkje-fornybar og fornybar primærenergitilførsel,
  - energiproduct vert inndelte i samsvar med den klassifiseringa som vert nytta i den europeiske energistatistikken,
  - restenergi omfattar avfall (utan økonomisk verdi); tap ved utvinning/uttak, distribusjon/transport, omforming/omdanning og lagring; i tillegg til saldoopostar for avstemming av tabellane for tilgang og bruk.
6. «Jamføringa» mellom indikatorene for heimstadsprinsippet og den territorumbaserte indikatorene vert gjord for heile nasjonaløkonomien (inga inndeling etter næring) og vert rekna ut på følgjande måte:

Samla energibruk for innanlandske einingar:

  - energibruken til innanlandske einingar i utanlandet
  - + energibruken til utanlandske einingar på territoriet
  - + statistiske avvik
  - = nasjonalt bruttoenergiforbruk (territoriumbasert)

**Del 6**

## LENGDA PÅ OVERGANGSPERIODANE

For gjennomføringa av føresegnene i dette vedlegget kan overgangsperioden vare i opp til to år, rekna frå fristen for den første oversendinga.»

---